

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2023

VEST-AGDER UNGDOMSLAG

Styret:

Audar Solberg – leiar

Tom Leroy Tjelland – nestleiar

Astor Vidringstad – styremedlem

Gunn Lieng – 1. varamedlem

Anne-Beate Guldahl – styremedlem

Synne Stray – styremedlem

Cesare Sciardi – 2. varamedlem

Administrasjon:

Borghild Løver: Skrivaroppdrag mm. Siss Ågedal: Kasseraroppdrag.

Kontorstad: Vigelandstua, kontor/møtelokale leigd hjå Lindesnes Ungdomslag

Medlemstal:

31. desember	Totaltal	Under 26 år	Over 26 år
2023	925	226	699
2022	959	248	711
2021	956	274	682
2020	1.017	292	725
2019	1.116	358	758
2018	997	296	701
2017	965	296	669
2016	992	295	697
2015	933	295	632
2014	914	302	612
2013	867	276	591
2012	835	247	588
2011	844	242	602
2010	1040	321	719
2009	1133	376	757
2008	1027	306	721
2007	995	293	702
2006	1043	319	724
2005	1057	287	770
2004	900	176	724
2003	821		

Tala er henta frå www.webmedlem.no og hypersys. Omlegginga til nytt medlemssystem i 2011 (hypersys) gjorde medlemstala noko lågare frå det året.

Møte:

Styret har hatt 7 styremøte – i Holum, Greipstad, Kristiansand og Vigeland. Det siste møtereferatet enda med det 55. punktet på saklista. I tillegg vart det skipa til samrådsmøte 19. april på Vigeland, der dans og -aktivitetar/-instruktørar/-spelemenn var tema.

Årsmøtet:

Onsdag 29. mars 2023 var det årsmøte på Varde hjå Holum UL. 15 lokallag med 29 røyster deltok. Med 2 i styret vart det totalt 31 røyster. I tillegg var det to utan røysterett: skrivaren Borghild Løver og AFF-leiar Gunvor Syvertsen. Fondstyret og valnemnda var representerte blant deltakarane.

Heidersmedlemer: Våre to heidersmedlemer er Brit Versland og Olav Molland.

Tal lag: VAUL har 23 aktive lag jfr. Hypersys.

Gjennomføring av arbeidsprogrammet 2023

Organisasjon og ymse; styret sitt arbeidsområde

1. Tilby utdanning og kurs til (fylkes)tillitsvalde (i samarbeid med nemndene)

Gjennomført:

- **Storkurset på Rosfjord Strandhotell i Lyngdal 3.-5. februar:** Styret og Agder folkemusikk og folkedansnemnd hadde særskilte vertssoppgåver i høve storkurset. Alle lokallaga våre fekk tilbod om gratis fyrstehjelpskurs. Ungdomshuset til UL Lyngdølen, Heimtun, var base for dansen heile helga, og det vesle huset ved sida av («Liens hus») var base for fyrstehjelpskurset. I tillegg leigde me Røde kors-huset i Lyngdal til dansekurs, i tillegg til at me sjølvsagt nytta strandhotellet.
- Desse kursa gjekk heile helga: Toradarkurs for vidarekomne, samspelkurs, teaterinstruktørkurs, sokkebandlagning, bunadsaum (for dei som ynskjer å vere kurslærarar i bunadsaum) og folkedansinspirasjon.
- I tillegg var det ei rekkje småkurs som kunne kombinerast: Agderdansar (tradisjonsdansar frå Agder), halling, springedans frå Fjotland, pols og fyrstehjelpskurs.
- Nokon av småkursa på storkurset vart avlyst: Lefsebaking, sauslagning og dart. I tillegg vart helgekurset kontradans avlyst; truleg fordi det var kontradanskurs i Mandal helga før.
- Hovudprinsippa for storkurset var å skape god stemning for mest 100 deltakarar og noko fornying av kurstilbodet: Bunadsaum (heile bunaden; med byrjing av vesten på storkurset, framhald seinare) og fyrstehjelp er døme på bolkar/kurs som aldri har vore på storkurs før.

2. Vere representert på landsrådsmøte, landsmøte, fagseminar, storkurs og andre viktige samlingar (i samarbeid med nemndene)

Gjennomført:

- **Møte med fylkesungdomslaga:** Under frukosten på sundagen på storkurset.
- **Inspirasjonsmøte, omframtr årsmøte og vanleg årsmøte i BURIA 25.-26. mars:** Borghild Løver og Cesare Sciardi
- **Landsmøtet i Noregs Ungdomslag 28.-30. april, Oslo:** Anne Beate Guldahl, Synne Stray og Borghild Løver møtte på dette.
- **Nordleikmøte 20. mai i Arendal:** Synne Stray, Borghild Løver og Cesare Sciardi.
- **Årsmøte i Studieforbundet Kultur&tradisjon Agder 23. mai:** Solveig Lima+Borghild Løver
- **Landsrådsmøte 22.-23. oktober i Oslo:** Synne Stray
- **Styremøte i BURIA (barne- og ungdomsrådet i Agder):** Synne Stray og Borghild Løver.

Ikkje gjennomført: Årsmøte i L/L Det Norske Teatret i Oslo i april: Ingen møtte her.

3. Sponse til saman 4 personar frå lokallaga på regionale/sentrale kurs (til dømes fagseminar)/utdanningstilbod - med høgst prioritering for dei under 26 år (styret/lokallaga)

Storkurset med tilbod tilrettelagt for ungdom og urøynde dansarar vart prioritert i 2023.

4. Støtte lag som sender ungar på barnleik det året dette vert tilskipa (kvart fjerde år)

Ingen søkte.

5. Støtte ungdom som vil reise på NU sin sommarleir/folkekulturfestivalen (i samarbeid med lokallaga):

Ingen søkte.

6. Støtte lag økonomisk som sender folk på storkurs

Gjennomført: Alle lokallaga fekk tilbod om gratis fyrstehjelpskurs.

7. Støtte lag økonomisk i høve aksjon lokallag og i høve aktivitetstilskot

Gjennomført desse løyvingane:

Året 2023 fekk desse laga 3.000 kr kvar: Søgne UL, Lista UL, Grindheim UL, Marnardal UL, Holum UL og Iveland UL, totalt 18.000 kr.

Aksjon lokallag:

I 2013 fekk Marnardal UL 15.000 kr i 3 år, og Framsteg UL 10.000 kr.

I 2014 fekk Holum UL 15.000 kr i 3 år og Lista UL 10.000 kr.

I 2015 fekk Lista UL 15.000 kr i 3 år og Kvina UL 10.000 kr.

I 2016 fekk Greipstad UL 15.000 kr i 3 år og Søgne UL 10.000 kr.

I 2017 fekk Marnardal UL 15.000 kr i 3 år og Kvina UL 10.000 kr.

I 2018 fekk Kvås UL 15.000 kr i 3 år og Hægeland UL 10.000 kr.

I 2019 fekk Halse UL 15.000 kr i 3 år og Åseral UL 10.000 kr.

I 2020 fekk Grindheim UL 15.000 kr i 3 år og Hægeland UL 10.000 kr.

I 2021 fekk Bygland UL 15.000 kr i 3 år og Greipstad UL 10.000 kr.

I 2022 fekk Kvina UL 15.000 kr i 3 år og Søgne UL 10.000 kr.

I 2023 fekk Greipstad UL 15.000 kr i 3 år og Marnardal UL 10.000 kr.

8. Støtte lag økonomisk som vnskjer å skipe til barnestemne

Ikkje aktuelt: Det var ikkje barnestemne i 2023

9. Gje målretta organisasjonskurs til lokallag

Gjennomført: Årsmøte for UL Kvindølen den 29. august, inkludert all førebuing av årsmøtepapir og valnemndarbeid, til tillegg til etterarbeid i samband med registrering i Brønnøysund. Forsøkt å få til møte med styreleiar i eit anna lokallag for opplæring av hypersys (innlevering av årsrapport).

10. Hjelpe laga som treng det med HMS-arbeid og folkedanskurs (reiseinstruktør)

Gjennomført: Liste over instruktørar og spelemenn er sendt rundt til lokallaga, slik at dei har ein «kompetansebank» å hente folk frå. Gjesteinstruktørordninga til NU dekkjer ein god del av kostnaden ved folkedanskurs (og teater).

11. Halde ved like fylkessamarbeid når det gjeld tilskipping av barnestemne:

Ikkje aktuelt: Ingen av dei andre tre fylkeslaga skipar til barnestemne.

12. Skipe til eitt samrådsmøte/temamøte viss behov for det

Gjennomført: 16. april på Vigelandsstua med dans, danseaktivitetar og liste over instruktørar/spelemenn som tema. 16 deltakarar frå totalt 9 lokallag møtte fram til det to timars møtet.

13. Halde kontakt med lokallaga, mellom anna ved telefonkontakt og post/e-post, møte ++

Gjennomført:

- Telefonkontakt av styret/skrivar
- Utsending av e-post
- Delta på dei jubilea og tilskippingane i lokallaga som fylkeslaget vert innbeden til
- Møte med enkeltlag for oppdatering av hypersys

14. Skipe til fylkesfinalen i Kven Veit (i samarb. med fjorårets vinnarlag)

Ikkje gjennomført: Fylket har ikkje utnemnt ein ny Kven veit-general i 2023.

15. Tilby bunadinformasjon til lokallaga

Gjennomført: Bunadkontakt er Dag Olav Hagen.

16. Utarbeide liste over instruktører og spelemenn rundt om i fylket

Gjennomført: Lista er utarbeidd og sendt rundt.

17. Premiere lag som registrerer e-post/mobilnr. For kvar vaksen/ungdomslagsmedlem.

Delvis gjennomført: Dei fleste laga er på god veg til å kome i mål med dette.

18. Bruke fleire kanalar og måtar til PR og blest, t.d. fjesboka, film, heimesida mm.

Gjennomført: Fjesboka vert oppdatert fleire gonger i veka. Heimesida blir oppdatert nokon gonger i løpet av året.

Teater; styret sitt arbeidsområde

1. Støtte lag økonomisk som sender folk på kurs og amatørteaterfestivalen (i samarbeid med lokallaga)

Ikkje aktuelt: Ingen lag har søkt.

2. Vere til stades på premierar i lokallaga (styret/lokallaga)

Gjennomført: Vest-Agder UL var til stades på revyen til UL Kvindølen i mars og Lindesnes UL i oktober.

3. Informere om støtteordningar og NU sitt teatertilbod

Gjennomført: Lindesnes UL fekk 10.000 kr til sin revy i 2023.

Anna arbeid:

Langeleikane til VAUL: Desse er lagra på Vigelandstua, bortsett frå ein, som Olaf Moen låner. Totalt har VAUL 10 langeleikar.

Felene til VAUL: Ei fele vert oppbevart på Vig.stua, ei fele er utlånt til Øyvor Guldal. Totalt er det 2 feler.

Bondeheimsfondet: Ingen har søkt om lån i 2023.

Gratis utlån: VAUL har ein sminkekoffert og høgtalar med mikrofon til gratis utlån for lokallaga. For tida er sminkekofferten hjå Kvås UL

Studieforbundet kultur og tradisjon Agder: Borghild Løver og Solveig Lima er styremedlemer frå Vest-Agder Ungdomslag.

Barne- og ungdomsrådet i Agder: Borghild Løver og Synne Stray er styremedlem og varamedlem frå Vest-Agder Ungdomslag.

Agder Musikkråd: Ingen representant frå VAUL her.

Nordleik: Borghild Løver er ansvarleg for organisering av skulevaktordninga, og Tor Steinar Fromreide frå AFF er friviljug-ansvarleg.

Styret i Vest-Agder Ungdomslag